

I vår fekk Frode Tveito frå Øvre Eidfjord ein av draumane sine oppfylt. Som gåve til førtiårsdagen spanderte sambuar Beathe Melkeråen ei veker bjørnejakt i Canada på han. Det vart ei oppleving for livet.



FANTASTISK NATUR. Rocky Mountains var imponerende, seier Frode Tveito. Ein tre dagers guida tur kom i tillegg til jakta.



EKSKLUSIVT. Sofaryggen var kledd med ulveskinn. Alt på staden var bokstaveleg laga vilt.



OPPLEVING FOR LIVET. Her er to av dei rundt seks ti bjørnane dei såg på ei veka.



STOLT JEGER. Dette er den fyrste bjørnen Frode Tveito har sett i vill tilstand. Neste jol ligg skinnnet truleg framfor peisen i stova i Øvre Eidfjord.

Alle foto privat

Fekk bjørnejakt til 40-årsdagen

Presang som sa pang

John H. Sekse

johnh@hardanger-folkeblad.no

TIL NESTE ÅR kan sambuarparet spjela sin eigen versjon av hovusteieren og grevina. Før då ligg trulog skinnnet av ein svartbjørn framfor peisen i stova deira i Øvre Eidfjord.

Den godeste Frode Tveito har derimot ikkje kjøpt skinnnet før han skaut bjørnen. Det tek berre svært lang tid å få det preparert og dandert.

Etter at HF fekk tipset frå ein annan som var med på bjørnejakta, tok me kontakt, og ein råkald novembermorgon troppa me opp. Frode har nett vore i fjøset der dei er midt i paringsstida. Med 140 vinterfura sauer er ikkje det unngjørt over natta.

Før me kjem nærmare inn på bjørnejakta, får me difor ei grundig innføring i sauehald, paring, ver og inseminering med fersk og frosen sæd. Det let me derimot leggja her.

Ideen om denne presangen byrja som eit innfall, seier Beathe Melkeråen. Me treffer henne på telefon. Ho er på jobb på Bygdaheimen.

Fyrst hadde ho meldt han på på fjernsynskonkurransen «Deal or no Deal». Han vart ikkje trekt ut, men i samband med dette, skulle ein gjø opp ein del ynske om kva ein ville bruka pengane til om ein vann. Og her stod mellom anna bjørnejakt i Canada.

Frode har alltid vore glad i all slags jakt. Den store draumen var bjørn. Då

tenkte og at når han ikkje fekk ynsket sitt oppfylt på den måten, så skulle han jamen få det likevel, seier sambuaren og fortel om søk på på internett. Der ho fann ein reiseoperatør med tilbod om det meste.

«Eg kunne valt både grizzlybjørn og villsvin, men enda på bjørnejakt i Canada. Eg forventa ikkje at han skulle koma heim med korkje skinnnet eller kjølet, men at han skulle kunna sjå attende på ein førtiårsdag han kom til å hugsa, held ho fram.

Sidan Frode ikkje er fullt så ste i engelsk som han er med rifla, fann ho ut at han også trong ein fylgjesvein. Difor fekk ho overtalt syskenbarnet hans, Trygve André Salvesen, med på turen. Også han hadde snakka om at det hadde vore moro og vore på bjørnejakt, så han ordna seg med eige løyve.

SJØLVE 40-ÅRS DAGEN var 14. juli. Bjørnejakta skjer nokre veker om våren og doretter ikkje før utpå høvstparten. Sidan det var ledige plassar på vårjakt, slo dei til på den. Framfor dei låg sju spennande dagar med vonleg bjørnejakt og tre dagar med rundtur mellom anna i Rocky Mountains.

Jaktoperatøren «Alcan's reservoir Operations» vert drive av ein mormonarfamilie. Jaktutleiing er levebrødet deira, og dei lever godt av det, seier Frode. Me sit på kjøkenet hans der han på pc'en blar seg gjennom fotografiske minne frå turen.

Den unge familien hadde sju born fødde i løpet av ni år, og strenge levereglar. Her var det kjemisk fritt for alkohol og dei bad alltid for maten. Det var mest pengar i elgjakta. Bjørnejakta driv dei som eit ledd i forvaltninga av elg stamma. Dei skyt berre hanhjornar og dei skyt ikkje elgkaly. Eit elgøyve kostar mellom 25 000 og 30 000 kroner. Med ein kvote på 40 oksar i året, gje det ei bra innkome. I tillegg kjem bjørnejakta og alt rundt den.

«Me var to åttemannslag. Kvart lag var delt opp slik at me var to jegerar i kvar sin jeep, i tillegg til sjåfør og guide. Berre å koma inn i Canada med våpen var eit heilt styr. Såleis var det ein fordel å reisa fleira saman.

Jaktterrettet låg rundt 1000 meter over havet, men landskapet var dekkja med granskog. Det ligg på same breiddegrad som London. Dei to jaktlaga budde i to hytter. Maten vart servert i eit eige hus. Her var det fallt av utstopa dyr, skinn og gevir. Ryggen på sofaen var eit ulveskinn.

Jaktområdet var på storleik med halve Hardangervidda. Fyrste dag gjekk med til å taste at våpena var i orden etter reisa. Så skulle det skje. «Og det skjedde før han visste ordet, av del. Dei var nesten ikkje komme skikkoleg på plass, før bamsen dukka opp.

«Der stod han. Den fyrste ville bjørnen og hadde sett, fortel han og lever seg på nytt inn i situasjonen. Fyrst måtte guiden godkjenna dyret. Både kjønn

og storleik måtte stemma. Denne var jaktbar.

Nett som på villreinjakt på vidda, måtte Frode ta omsyn til vindretning og stilla seg innpå meter for meter. Binaste skilnaden var dei store pasdungane etter skoghogst. Men dei gav godt skjul.

Etter kvart var han på skothald - 150 meter. Akka seg endå litt nærare. Så small det. Bjørnen kasta seg rundt. Det small på nytt.

- EG VISSTE EG HADDE TREFT. Likevel måtte det endå to kvler til før han vart liggjande, seier han. Fyrst etterpå fekk han vita at bjørnen må skytast litt lenger bak enn på eit vanleg storvilt, på grunn av dei kräftige beina.

I tillegg hadde Frode ei vanleg 6,5 kalibar rifle medan fleire av dei andre hadde reine «kanoner». Men like fullt låg bytet der til slutt. Ein 4-5 år gamal han-svartbjørn. 200 pund, eller mellom 90 og 100 kg og 5,9 fot lang. Ti prosent av svartbjørnen er brun, endå sjeldnare er dei som er gul-blonde. Denne var brun.

«Det var litt spesielt. Dette var nemleg den fyrste bjørnen eg såg, seier han. Det hadde vore annleis om han hadde skote seinare. Dei såg nemleg mellom 60 og 65 bjørnar dei neste dagane.

«Jan. Eg må vedgå at det pikka godt, seier han når me spør om korleis det kjendest å ha eit så eksotisk byte i kikerten. Frode hadde berre løyve på ein bjørn, så for han var sjølve jakta over.

Glødelag nok skaut Trygve sin bjørn, ein treårig brunbjørn, tre dagar seinare.

Men det var ikkje det same som at moroa var over. Kvar dag vassa dei nærmast i all slags vilt. Dei såg elg og ørn. Der var også lagt ut åte for ulven.

Men det var også spennande med dei andre. To brøt skaut mellom anna kvar sin brunbjørn same dag. Det er sjeldan. Også det var ein presang - denne gongen 60 år. Ei telemarkskjente, Tone Jorunn med same etternamnet som Frode, som var saman med luren, skaut to bjørnar. Siste dagen fekk dei køyra tur med atv-firhjular i elgterrenget.

DEN FELTE BJØRNEN vart vomba ut. Det var viktig å stikka hol på galleblæra og få ut gallen, for å ta vare på skinnnet.

«Kva med kjøtet? Vart det nytta? «Kona i huset laga til steik av eit lår av bjørnen til Trygve. Men det smaka ikkje spesielt godt. Eg sakna peparsaus og salt. Maten der var elles god, men det vart mykje søtt. Både bollar og pønnkaker med sirup. Etter ei veka vart me temmeleg saltsviltne, seier Frode Tveito.

Det avslutta turen med tre dagar og to netter i Alberta og deromkring. Her opplevde dei mellom anna det største varehuset i varda. Det hadde over 80 inn-utgangar. På taket var det golfbane og inne var det både fornyelsespark og badeland i tillegg til butikkar, restaurantar og mykje, mykje meir.

Imponerende var også turen inn i Mount Robson Park i Rocky Mountains med fjell på

over 4000 meter over havet.


«Alt var litt større enn ber heime. Men det er flott her og, seier han og smur seg og ser opp mot dei fjellkledd toppane rundt heimbygda. Det einaste han og eit par av dei andre ikkje fekk med seg, var merking av kveg. Det skulda at han kom frå gard med dyr, og av omsyn til smittefare gjeld reglar om karantene. Ulempa med å vera sauebonde. Men det tak Frode att om sommaren når dyra går og beiter i fjellet rundt Skisete. Ikkje minst turane for å sjå etter dei då, er ei god erstatning.

«Det hadde nok vore kjekt med ein grizzly, men då snakkar ein om heilt andre prisar, seier han når me spør om det gav meir smak.

DENNE TUREN KOM PÅ 35 000 kroner. Det vart eit minne for livet, og han fryktar for at sambuar Beathe må ta ein del esktratimar på Bygdaheimen for å klara dette.

«Og skinnnet? «Det måler to ganger to meter og vart straks lagt i saltlake. Då dei drog, leverte han det inn på eit stort spesialanlegg i Edmonton. Etter å ha fått fleire alternativ, valde han å ta det brette ut og sydd på eit teppe. Hovudet skal hengja på, mest som hjå Grevina.

For garving, arbeid og frakt reknar han med at det kjem på ein stad mellom 1000 og 1100 dollar. Men til neste år ligg det kanskje framfor peisen i stova, når hovmeisteren farar over fjernsynsskjermen på vesle jolafant og serverer som han har gjort «every year».



KVAR SIN BJØRN. Fjerde dagen skaut også Trygve André Salvesen sin bjørn. Ti prosent av svartbjørnen i Canada er brun.